

**Utval:** Utval for opplæring og helse  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5  
**Dato:** 17.04.2018  
**Tidspunkt:** 10:00-14:15

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Reprenter
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Leiar	A Frå kl. 10:55
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP Møteleiar kl. 10:00-10:55. Gjekk 13.45
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV
Tor Andre Ljosland	Medlem	KRF Til kl. 14:10
Christoffer Thomsen	Medlem	FRP
Torgeir Toppe	Medlem	A
Jeanette Syversen	Medlem	R
Kine Bratli Dale	Medlem	A

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Reprenter
Øyvind Strømmen	Medlem	FL MDG/V
Elizabeth Toft Erichsen	Medlem	FL MDG/V

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Reprenter
Tom Sverre Tomren	Elizabeth Toft Erichsen	MDG/V
Janne B. Bruarøy	Øyvind Strømmen	MDG/V

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Arne Åsan	Fylkestannlege
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar fellestenester, opplæringsavdelinga
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skule, opplæringsavdelinga
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør, eigedomsavdelinga
Adeline Landro	Spesialrådgjevar, opplæringsavdelinga
Cecilie Øvstedal	Leiar, oppfølgingstenesta
Anne Sara Svendsen	Leiar, fagopplæring, opplæringsavdelinga
Nils Skavhellen	Inntakssjef, opplæringsavdelinga
Merethe Helland Nordnæs	Utvalssekretær, fylkessekretariatet

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 34/18	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 35/18	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 36/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 16/18	Varsling for politikarar – svar på spørsmål	2018/10065	
RS 17/18	Svar på spørsmål vedk. praksiskandidatopplæring	2018/7812	
RS 18/18	Berekning av oppfylingsgrad	2016/4130	
RS 19/18	Presiseringar til Utval for opplæring og helse knytt til disponering av investeringsmidlar	2018/7439	
RS 20/18	Overgang frå Vg2 yrkesfag til Vg3 påbygg.	2018/8242	
RS 21/18	Tilskot til utbygging av breiband i 2018	2018/8044	
RS 22/18	Rapportering av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag 2017	2017/5083	
RS 23/18	Vaksineringsrutiner - meningokokkvaksine for elevane	2018/9138	
PS 37/18	Ymse		
PS 38/18	Regionreforma. Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane – Høyringsvar frå Hordaland fylkeskommune	2018/8146	
PS 39/18	Justering av tilbodsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2018/2019	2017/16980	
PS 40/18	Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren	2018/211	
PS 41/18	Tilskotsordning for fagskular og fordeling av tilskot hausten 2018	2018/3431	
PS 42/18	Fråfall og oppfølging - tiltak	2018/8502	
PS 43/18	Disponering av investeringsmidlar opplæringssektoren 2018	2018/7439	

### **PS 34/18 Godkjenning møteinnkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018**

#### **Vedtak**

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

### **PS 35/18 Godkjenning møteprotokoll forrige møte**

**Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018**

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte den 14.03.2018 vart godkjent utan merknader.

## **PS 36/18 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018**

Referatsakene RS 17/18 – 22/18 vart refererte og tekne til orientering.

I samband med RS 16/18 «Varsling for politikarar – svar på spørsmål» bad **Emil Gadolin (A)** om følgjande:

«Ber om at fylkesrådmannen oversender RS 16/18 til Kontrollutvalet.»

I samband med RS 23/18 «Vaksineringsrutiner – meningokokkvaksine for elevane sette **Emil Gadolin (A)** fram slik protokollmerknad:

«Ønsker å påpeke at arbeidet med å få på plass en gratis vaksine til årets kull, har gått for seint og ønsker å slå fast at dette skal man få til neste år.»

## **PS 37/18 Ymse**

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018**

#### **Orienteringar:**

Presentasjon av UFU og Ungdommens Planprogram 2018 v/leiar Malene M. Alsaker.

Orientering om skuleplanene i Kvam herad v/eigedomssjef Jostein Fjærestad.

Fylkesdirektør regional utvikling, Bård Sandal, orienterte i sak PS 38/18: Regionreforma, desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane – Høyrings svar frå Hordaland fylkeskommune.

Dei politiske sakene vart handsama i denne rekkefølge:  
PS 43/18, PS 40/18, PS 39/18, PS 38/18, PS 41/18 og PS 41/18.

**Christoffer Thomsen (FRP)** gjore merksam på at ein må vera merksam på matsvinn også på møte i utval for opplæring og helse.

## **PS 38/18 Regionreforma. Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane – Høyrings svar frå Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane. Nye oppgåver og auka regionalt ansvar er naudsynt for å styrke lokaldemokratiet og fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar. Høyrings svaret frå Hordaland fylkeskommune er vedlagt
2. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til ekspertutvalet sitt forslag om at frie inntekter i hovudsak vert lagt til grunn for finansiering av fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at ansvarsoverføringane vert finansiert fullt ut ved at midlane staten brukar, vert overført fylkeskommunane i samband med ansvarsoverføringa.
3. Hordaland fylkeskommune føreset ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag i Stortinget, som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.

4. Hordaland fylkeskommune meiner Stortinget – i tillegg til å overføre statlege oppgåver til regionalt folkevalt nivå slik ekspertutvalet si innstilling føreslår – særleg må følgje opp at:
  - a) Det kjem snarlege avklaringar og vert ein ryddig og oversiktleg prosess knytt til overføring av sams vegadministrasjon til det regionale folkevalde nivået. Dette er også viktig for fylkeskommunane i eit arbeidsgjevarperspektiv.
  - b) Fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultursaker.
  - c) Den næringsorienterte delen av Fylkesmannen si verksemd i sin heilskap vert overført til fylkeskommunane.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, og oppgåver som krev samordning og elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn. Forslag til fleire oppgåver er nemnt i det vedlagte høyringssvaret.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018**

**Jeanette Syversen (R)** sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 6 – Tillegg:

Hordaland fylkeskommune går inn for at nye og desentraliserte oppgåver frå staten til fylkeskommunane i hovudsak skal komme distrikta utanfor dei større byane (til dømes Bergen) til gode.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Jeanette Syversen sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane. Nye oppgåver og auka regionalt ansvar er naudsynt for å styrke lokaldemokratiet og fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar. Høyringssvaret frå Hordaland fylkeskommune er vedlagt
2. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til ekspertutvalet sitt forslag om at frie inntekter i hovudsak vert lagt til grunn for finansiering av fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at ansvarsoverføringane vert finansiert fullt ut ved at midlane staten brukar, vert overført fylkeskommunane i samband med ansvarsoverføringa.
3. Hordaland fylkeskommune føreset ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag i Stortinget, som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.
4. Hordaland fylkeskommune meiner Stortinget – i tillegg til å overføre statlege oppgåver til regionalt folkevalt nivå slik ekspertutvalet si innstilling føreslår – særleg må følgje opp at:
  - a) Det kjem snarlege avklaringar og vert ein ryddig og oversiktleg prosess knytt til overføring av sams vegadministrasjon til det regionale folkevalde nivået. Dette er også viktig for fylkeskommunane i eit arbeidsgjevarperspektiv.
  - b) Fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultursaker.
  - c) Den næringsorienterte delen av Fylkesmannen si verksemd i sin heilskap vert overført til fylkeskommunane.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, og oppgåver som krev samordning og elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn. Forslag til fleire oppgåver er nemnt i det vedlagte høyringssvaret.

## PS 39/18 Justering av tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2018/2019

### Forslag til innstilling

1. Følgjande Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2018/19

Skule	Utdanningsprogram/programområde
Fitjar vidaregåande skule	Vg2 Interiør og utstillingsdesign
Stord vidaregåande skule	Vg1 Elektrofag m/studiekompetanse
Stord vidaregåande skule	Vg2 Medium og kommunikasjon
Kvinnherad vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Odda vidaregåande skule	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
Kvam vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Voss gymnas	Vg2 Blomsterdekoratør
Voss gymnas	Vg2 Kunst, Design og Arkitektur
Fusa vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar
Askøy vidaregåande skule	Vg2 Data og elektronikk
Austevoll vidaregåande skule	Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram
Laksevåg vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Åsane vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Årstad vidaregåande skule	Vg2 Laboriefag
Austrheim vidaregåande skule	Vg1 Elektrofag
Austrheim vidaregåande skule	Vg2 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule	Vg3 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule	Vg1 Restaurant og matfag

2. Kvam vidaregåande skule får oppretta ein klasse innføringskurs for minoritetsspråklege elevar.

### Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 17.04.2018

**Elisabeth Refvik** sette fram slikt forslag på vegne av LO:

«Yrkesopplæringsnemnda tilslutter seg i hovudsak rådmannens innstilling, men er sterkt kritisk til sein saksbehandling. Yrkesopplæringsnemnda ber om at arbeidet med å dimensjonere vgs starter på et tidligere tidspunkt, slik at saken kan sikres forsvalig behandling av yrkesopplæringsnemnda før den går vidare til utvalget. Yrkesopplæringsnemnda vil i det samme igjen be om at i fremtidige saker, legges det frem oversikt over tilgjengelige læreplasser, slik at det og kan vurderes om det er grunnlag for opprettelse av ny søkbare linjer.»

### Røysting

Refvik sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (FRP)

### Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda tilslutter seg i hovudsak rådmannens innstilling, men er sterkt kritisk til sein saksbehandling. Yrkesopplæringsnemnda ber om at arbeidet med å dimensjonere vgs starter på et tidligere tidspunkt, slik at saken kan sikres forsvalig behandling av yrkesopplæringsnemnda før den går vidare til utvalget. Yrkesopplæringsnemnda vil i det samme igjen be om at i fremtidige saker,

legges det frem oversikt over tilgjengelige læreplaner, slik at det og kan vurderes om det er grunnlag for opprettelse av ny søkbare linjer.

### Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag på vegner av FL MDG, H, FRP og R:

«Nytt punkt 1:

Som fylkesrådmannen sin innstilling, men følgjande to setningar skal takast ut:

1. Austrheim vidaregåande skule Vg1 Restaurant og matfag
2. Austevoll vidaregåande skule Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram»

**Jeanette Syversen (R)** sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Bygg og anleggsteknikk ved Odda Vg1 vert vurdert fram mot fylkesutvalet, førstkommande. For å belyse saka sitt grunnlag ytterlegare.»

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag på vegne av alle partia:

«Ber om at fylkesrådmannen sikrar at Yrkesopplæringsnemnda får tilstrekkeleg tid til å behandle sak om justering av tilbudsstruktur, blant anna ved å tilpasse den politiske møteplanen.»

**John Helge Gullaksen (H)** sette fram slik protokollmerknad:

«Innspill sendt pr. e-post 16/4-18 fra rektor ved Austrheim Vg skule samt innspill fra ordførar i Austrheim om «ny modell». Utvalget ber om løypemelding mht. hvordan denne modellen tas i bruk.»

### Røysting

Tomren sitt forslag punkt 1 fekk 8 røyster (MDG, V, H, Frp og R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Tomren sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Syversen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren.

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1.	Skule	Utdanningsprogram/programområde
	Fitjar vidaregåande skule	Vg2 Interiør og utstillingsdesign
	Stord vidaregåande skule	Vg1 Elektrofag m/studiekompetanse
	Stord vidaregåande skule	Vg2 Medium og kommunikasjon
	Kvinnherad vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetspråklege elevar
	Odda vidaregåande skule	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
	Kvam vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
	Voss gymnas	Vg2 Blomsterdekoratør
	Voss gymnas	Vg2 Kunst, Design og Arkitektur
	Fusa vidaregåande skule	Innføringsklasse for minoritetspråklege elevar
	Askøy vidaregåande skule	Vg2 Data og elektronikk
	Laksevåg vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
	Åsane vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
	Årstad vidaregåande skule	Vg2 Laboratoriefag

Austrheim vidaregåande skule	Vg1 Elektrofag
Austrheim vidaregåande skule	Vg2 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule	Vg3 Automatisering

2. Kvam vidaregåande skule får oppretta ein klasse innføringskurs for minoritetsspråklege elevar
3. Ber om at fylkesrådmannen sikrar at Yrkesopplæringsnemnda får tilstrekkeleg tid til å behandle sak om justering av tilbodsstruktur, blant anna ved å tilpasse den politiske møteplanen.

#### Protokollmerknad frå H

Innspill sendt pr. e-post 16/4-18 fra rektor ved Austrheim Vg skule samt innspel fra ordførar i Austrheim om «ny modell». Utvalget ber om ei løypemelding mht. hvordan denne modellen tas i bruk.

## PS 40/18 Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner mindre ombygging ved Årstad vgs. med ei kostnadsramme på 0,45 million kroner som vert løyvd frå inneverande års løyving til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren.
2. Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2018

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 639.020.00	02320	02168	Årstad vgs – ombygging	450 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		450 000
				450 000	450 000

### Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner mindre ombygging ved Årstad vgs. med ei kostnadsramme på 0,45 million kroner som vert løyvd frå inneverande års løyving til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren.
2. Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2018

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt	Mindreutg. / meirinnt.
10 639.020.00	02320	02168	Årstad vgs – ombygging	450 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		450 000
				450 000	450 000

## PS 41/18 Tilskotsordning for fagskular og fordeling av tilskot hausten 2018

### Forslag til vedtak

- 1 Følgjande prinsipp for tilskotsordning for fagskuleutdanning i Hordaland vert vedteke:
  - Finansieringa vert gitt med eit grunntilskot (80 %) og eit resultatbasert tilskot (20 %)
  - Lik sats for like tilbod uavhengig av om fagskulen er offentleg eller privat
  - Tilboda skal vere stykkprisfinansiert, men i det praktiske arbeidet vil ein operere med grupper. Det vil seie at dersom ein t.d. gir tilskot til 15 studentar, så vert dette vidareført for denne gruppa i minst eitt år.
  - 2 satsar: 1 for stadbasert og nettbasert med fysiske samlingar, og 1 for reine nettbaserte tilbod
  - Det blir gitt 80/20 finansiering for **nye** studentar hausten 2018.
  - I 2019 vil tilbydarane få resultatbasert tilskot basert på studiepoengeiningar (60 stp) produsert i 2017.
  - Studentane vert talt éin gang i året – studenttallet per 1. oktober kan danne grunnlaget for tilskot kvart år.
  
- 2 Følgjande satsar vert vedteke for fagskuleutdanning i helse- og sosialfag:
  - Stadbasert – 81 000,-
    - o 80 % - 64 800,-
    - o 20 % - 16 200,-
  - Nettbasert – 56 000,-
    - o 80 % - 44 800,-
    - o 20 % - 11 200,-
  
- 3 I 2018 vert tilbod som er starta opp under tidlegare tilskotsordning vidareført med same satsar og reglar som før.
  
- 4 Fordeling av tilskot for fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag hausten 2018 vert vedteke som følgjer:

Tilskot til fagskuleutdanning innan helsefag hausten 2018				Nye grupper		Totalt tal	
Fagskule	Utdanningstilbod	Omfang	Søkjartal	H-18	grupper V-19	Studiestad	Kostnad H-1
AOF Hordaland - Sogn og Fjordane							
	Ernæring i pleie og omsorgstjenester	30	25	0	0	Bergen	-
	Demensomsorg	30	13	1	1	Bergen	324 00
	Psykisk helsearbeid	60	26	1	2	Bergen	324 00
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	19	0	0	Bergen	-
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	29	1	2	Stord	324 00
Fagskolen i Hordaland							
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	60	16	1	2	Bergen	324 00
	Rehabilitering	60	8	1	1	Bergen	324 00
	Spesialreinhald og sterilforsyning	60		0	1	Bergen	-
Folkeuniversitetet Øst							
	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	5	0	0	Bergen	-
	Rehabilitering	60	1	0	0	Bergen	-
Fagskolen aldring og helse							
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	32	0	0	Bergen	-
	Utviklingshemming og aldring	60		0	0	Tønsberg	-
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60		0	0	Tønsberg	-
<b>Sum</b>				<b>5</b>	<b>9</b>		<b>1 620 00</b>

- 5 Administrasjonen vert gjeve mynde til å fordele eventuelle nye studieplassar etter søknad til Kunnskapsdepartementet når svar ligg føre.
  
- 6 Tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag ved Fagskolen i Hordaland vert gjeve over fylkesbudsjettet frå om med 2019.



## Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018

**Torgeir Toppe (A)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er rektor på den avdelinga av Folkeuniversitetet som er kursarrangør for utdanninga i Hordaland som Folkeuniversitetet Øst søker om midlar til. Toppe gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for opplæring og helse vedtok samrøystes at Torgeir Toppe var inhabil jfr. forvaltningslova § 6 2. ledd.

Torgeir Toppe gjekk frå under behandlinga av saka.

**Alexander Fosse Andersen (SP), Daniel Charles Hextall (SV), Rosalind Fosse (FRP) og Dan Stian Femoen (H)** stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er medlemmer av Hordaland fagskulestyre. Dei gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Utval for opplæring og helse vedtok samrøystes at Alexander Fosse Andersen, Daniel Charles Hextall, Rosalind Fosse og Dan Stian Femoen ikkje var inhabile.

Dei tiltredde saksbehandlinga. Det var 14 representantar til stades.

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

- 1 Følgjande prinsipp for tilskotsordning for fagskuleutdanning i Hordaland vert vedteke:
  - . - Finansieringa vert gitt med eit grunntilskot (80 %) og eit resultatbasert tilskot (20 %)
  - Lik sats for like tilbod uavhengig av om fagskulen er offentleg eller privat
  - Tilboda skal vere stykkprisfinansiert, men i det praktiske arbeidet vil ein operere med grupper. Det vil seie at dersom ein t.d. gir tilskot til 15 studentar, så vert dette vidareført for denne gruppa i minst eitt år.
  - 2 satsar: 1 for stadbasert og nettbasert med fysiske samlingar, og 1 for reine nettbaserte tilbod
  - Det blir gitt 80/20 finansiering for **nye** studentar hausten 2018.
  - I 2019 vil tilbydarane få resultatbasert tilskot basert på studiepoengeiningar (60 stp) produsert i 2017.
  - Studentane vert talt éin gang i året – studenttallet per 1. oktober kan danne grunnlaget for tilskot kvart år.
- 
- 2 Følgjande satsar vert vedteke for fagskuleutdanning i helse- og sosialfag:
  - . - Stadbasert – 81 000,-
    - o 80 % - 64 800,-
    - o 20 % - 16 200,-
  - Nettbasert – 56 000,-
    - o 80 % - 44 800,-
    - o 20 % - 11 200,-
- 3 I 2018 vert tilbod som er starta opp under tidlegare tilskotsordning vidareført med same satsar og reglar som før.
- 4 Fordeling av tilskot for fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag hausten 2018 vert vedteke som følgjer:

Tilskot til fagskuleutdanning innan helsefag hausten 2018				Nye grupper		Totalt tal	
Fagskule	Utdanningstilbod	Omfang	Søkjartal	H-18	grupper V-19	Studiestad	Kostnad H-1
AOF Hordaland - Sogn og Fjordane							
	Ernæring i pleie og omsorgstjenester	30	25	0	0	Bergen	-
	Demensomsorg	30	13	1	1	Bergen	324 00
	Psykisk helsearbeid	60	26	1	2	Bergen	324 00
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	19	0	0	Bergen	-
	Miljøarbeid i teneste for mennesker med utviklingshemming	60	29	1	2	Stord	324 00
Fagskolen i Hordaland							
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	60	16	1	2	Bergen	324 00
	Rehabilitering	60	8	1	1	Bergen	324 00
	Spesialreinhald og sterilforsyning	60		0	1	Bergen	-
Folkeuniversitetet Øst							
	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	60	5	0	0	Bergen	-
	Rehabilitering	60	1	0	0	Bergen	-
Fagskolen aldring og helse							
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60	32	0	0	Bergen	-
	Utviklingshemming og aldring	60		0	0	Tønsberg	-
	Demensomsorg og alderspsykiatri	60		0	0	Tønsberg	-
<b>Sum</b>				<b>5</b>	<b>9</b>		<b>1 620 00</b>

- 5 Administrasjonen vert gjeve mynde til å fordele eventuelle nye studieplassar etter søknad til Kunnskapsdepartementet når svar ligg føre.
- 6 Tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag ved Fagskolen i Hordaland vert gjeve over fylkesbudsjettet frå om med 2019.

## PS 42/18 Fråfall og oppfølging - tiltak

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

### Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 17.04.2018

#### Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

### Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018

**Emil Gadolin (A)** sette på vegner av alle partia fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt:

Ber om at fylkesrådmannen kjem tilbake med forslag til tiltak for å sikre at ein får kontakt med dei elevane ein idag tar med, men av ulike årsaker ikkje når fram til. Eventuelle konsekvensar for kapasiteten til Oppfølgingstenesta og meirbehov skal og sannsynleggjerast.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Ber om at fylkesrådmannen kjem tilbake med forslag til tiltak for å sikre at ein får kontakt med dei elevane ein i dag tar med, men av ulike årsaker ikkje når fram til. Eventuelle konsekvensar for kapasiteten til Oppfølgingstenesta og meirbehov skal og sannsynleggjerast.

## PS 43/18 Disponering av investeringsmidlar opplæringssektoren 2018

### Forslag til vedtak

Omtalte budsjettmidlar for 2018 vert fordelt slik:

1. Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill kr
3. Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland	2,0 mill kr
4. IT og telefoni	12,1 mill kr
5. Utstyrsmidlar yrkesfag	4,0 mill kr
<u>Totalt</u>	<u>37,0 mill kr</u>

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

### Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.03.2018

#### Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Omtalte budsjettmidlar for 2018 vert fordelt slik:

1. Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill kr
3. Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland	2,0 mill kr
4. IT og telefoni	12,1 mill kr
5. Utstyrsmidlar yrkesfag	4,0 mill kr
<u>Totalt</u>	<u>37,0 mill kr</u>

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

### Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 13.03.2018

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag på vegne av A, KrF, SP og SV:

«Saka vert utsett.»

### Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Saka vert utsett.

### Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018

**Janne B. Bruarøy (MDG/V)** stilte spørsmål om ho var inhabil i saka fordi mannen hennar er rektor ved Hyssingen produksjonsskole. Bruarøy gjekk frå under vurderinga av om ho var inhabil. Utval for opplæring og helse vedtok samrøystes at Janne B. Bruarøy var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd c.

Bruarøy gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

**Rosalind Fosse (FRP)** sette fram slikt forslag (a):

«Omtalte budsjettmidlar for 2018 vert fordelt slik:

1. Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill kr
3. Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland, oppgr. Boresimulato og CNC – maskin og industrirobot	7,0 mill kr
4. IT og telefoni	7,1 mill kr
5. <u>Utstyrsmidlar yrkesfag</u>	<u>4,0 mill kr</u>
<u>Totalt</u>	<u>37,0 mill kr»</u>

**Rosalind Fosse (FRP)** sette fram slikt forslag (b):

«Nytt punkt.

Utval for opplæring og helse ber om at det vert lagt fram ei eiga sak vedk. IT og telefoni kor behovet i opplæringssektoren vert belyst i sin heilhet.»

### Røysting

Rosalind Fosse sitt forslag (a) fekk 7 røyster og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 7 røyster og vart vedteke med møteleiar si røyst.

Rosalind Fosse sitt forslag (b), nytt punkt, vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Omtalte budsjettmidlar for 2018 vert fordelt slik:

1. Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill kr
3. Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland, oppgr. Boresimulato og CNC – maskin og industrirobot	2,0 mill kr
4. IT og telefoni	12,1 mill kr
5. <u>Utstyrsmidlar yrkesfag</u>	<u>4,0 mill kr</u>
<u>Totalt</u>	<u>37,0 mill kr</u>

2. Utval for opplæring og helse ber om at det vert lagt fram ei eiga sak vedr. IT og telefoni kor behovet i opplæringssektoren vert belyst i sin heilhet.